

045220

Sak

Innberetning v/ Berit Gjerland

23.5.1983

innberetningsdato

Lokna
Tjernagel
gardsnavngnr. 51
50bnr. 4
1,4,7. fk.nr.

Sveio

Hordaland

kommune

fylke

eier/bruker

postnummer/adresse

Ang. Registrering av steinalderlokaliteter

9.-16.5.1983

dato

Resyme

I brev av 23.2.1983 frå Historisk museum, Bergen, til Teledirektoratet blei det påpeikt at det sannsynlegvis fanst steinalderlokalitetar innanfor det konsesjonsgjevne området på Tjernagel, Sveio kommune der Teledirektoratet skal oppføre anlegg for kortbølgesendar. Klarsignal for nærmare undersøking blei gjeve frå M.D. i brev av 25.3.1983.

På forhand var det kjent steinalderfunn frå innmark på Tjernagel gnr.50/3: B 7264, B 10827, B 12284-85 (flint/kvarts/rhyolitt og grønsteinsøkser). I samband med registreringa blei det innlevert 2 bergartsøkser til Hist.mus: 1 slipt trinnøks av grønstein frå Nord-Bømlo (B 13499), funne oppfor Naustvika og 1 meisel av diabas, sannsynlegvis frå Stakanes, Flora kommune (B 13646), funne i utmarka innanfor konsesjonsområdet.

Under registreringa 9.-16.5. blei det funne 37 lokalitetar innanfor konsesjonsområdet. Dei registrerte lokalitetane ligg innanfor området som skal direkte utbyggast, dvs. vest og innanfor grønsona. Unnateke herifrå er lokalitetane registrert på Lokna gnr.51/4, i Hillersvika.

15 lokalitetar blir øydelagte ved utplanering av Snørhaug og plataået ved Tjernagelhaugen.

I den uvanleg store mengda lokalitetar som blei påvist, er det informasjon om utnytting av området frå tidleg i eldre steinalder, 10.000-9.500 år før notid, fram til S.N./eldre bronsealder 3.500 før notid.

Det kan knytast faglege interesser til dei registrerte lokalitetane. Uhyre viktig er 2 lok. frå Flintplass-tradisjonen (Fosna-kulturen) 10.000-9.500 år gamle og 1 Tapes-transgredert lok. 9.000-8.000 år gamal. Det er forventa at desse kan gje opplysningar av kronologisk verdi. Spørsmål kring ervervs-spesialisering kan rettast til 2 ulike samlingar av lokalitetar frå delar av eldre og yngre steinalder, ca 6.000-4.500 år før notid. Materialet inneheld også opplysningar om økseproduksjon av grønstein utanfor Bømlo.

Området

Det konsesjonsgjevne området ligg på Vestsida av Bømlafjorden tvers overfor Sør-Bømlo. Det er 1,5km langt og 800m på det breiaste. Det er vesentleg eit småkupert, trelaust utmarksområde, berre i sør veks det noko furu, i Hillersvik veks i dag bjørk.

Berggrunnsstrukturen dannar N-S gåande ryggar og svaberg samt markerte haugar som Tjernagel-, Snørhaug og Langhammar, desse hevar seg 20, 35 og 65m over det i stor grad avflata nivå mellom 10 og 15m.o.h. Området rett sørvest for Snørhaug er eit døme på slik flate. I dette nivået ligg også dei talrike

Foto nr. 1-3. myrlendte områda. Det største ligg i N-S gåande forsenkning som går frå Nordre Haugsvik til Hillersvik i sør. I den sentrale delen av myrområdet er det målt 9 m nedpå fast grunn.

Foto nr. 2. Denne kløfta har ved 15m høgare havnivå delt området i to delar småøyar og skjær i vest og eit heller jamnt stigande "fastlandsområde" i aust med toppar opptil 65m.o.h.

3 større og lune viker gjev livd ved dei heller utsette strendene: i sør ligg Hillersvik med no fråflytta lite bruk, Lokna gnr.51/4. Nordre Haugsvik går inntil flata sørvest for Snørhaug og heilt i nord ligg Naustvika.

Størstedelen av konsesjonsområdet er urørt av moderne teknologi

Berre i Naustvika og rett sør for Snørhaug er det dyrka mark, i Hillersvika ligg det fråflytta bruket. Området har har då også uhyre lite lausmassar, og berggrunnen stikk fram over heile området.

Utbyggingsplanar

Dei noverande planane inneber i grove drag ei utplanering av Snørhaug nedtil 25m.o.h. og av plataet frå Tjernagelhaugen til det sentrale myrområdet ned til 15m.o.h. Store delar av flata sørvest for Snørhaug i nivå nedtil 7m.o.h. vil bli påført masse. Eit anlegg (samling hus) blir plassert opp i austskråningen midt for det sentrale myrområdet. Derifrå vil det gå vegar til antennefeste på høgdedrag rett nord for Hillersvik og eitt heilt sør i området. I følgje muntleg opplysning blir det sørlege området neppe utbygt før 1986-87.

Foto nr. 6.

Veg inn i området vil gå vestover frå nordenden av Hesthammartjørn. Områda som blir utbygt ligg innanfor den grønesona som går i sørleg retning frå Kjellandskjeret nesten ned til Hillersvi

Feltarbeid

Registreringa blei utført av Ole-Jacob Skagen, Frode Nordahl Vegsund og Berit Gjerland (leiar). Det blei utført 24 dagsverk. Det vart teke ca 750 prøvestikk samt leita i erosjonssoner og på bert fjell.

Lendet innanfor grønesona blei prioritert der særleg områda mellom 10-25m.o.h. blei intensivt undersøkt. Dei høgareliggande områda innanfor konsesjonsområdet har blitt synfart, men særleg terrenget sør for Hillersvik er ikkje fullstendig undersøkt.

Registrerte lokaliteter

Lokalitetane er avmerka på vedlagt utsnitt av ØK-kart, men h.o.h. er avlese på revidert kart over området M 1:100, ekvidistanse 1m.

Foto nr. 9.

Lok.1. Flint funne i overflata i stigen, ca 120m ANA for røysa på Tjernagelhaugen, 12m.o.h. Markering av lokalitet:samanlagt stein(5-6 steinar til ein liten varde).

Lok.2. Flint funne i erosjonssone og i prøvestikk vest av myr der denne går inntil oppstikkande bergknaus. 12-20m S for lite søkk i berget der stigen går. 14m.o.h. Ca 130m A for røys på Tjernagelhaugen.

Markering:merkestikke (0,5m lang trelekte påmåla 2 blå striper samt lok.nr.).

Foto nr. 10.

Lok.3. Flint funne i prøvestikk mellom 3 blokker på ei flate avgrensa på 3 kantar av bergknausar, men open mot nord. Ca 160m SA for Tjernagelhaugen 11m.o.h. 5 funntomme prøvestikk på flata.

Markering: merkestikke.

Foto nr. 11.

Lok.4. Flint funne på framstikkande bergknaus i nordvendt skråning, ca 200m A for Tjernagelhaugen 18m.o.h.

Markering:merkestikke.

Foto nr. 11.

Lok.5. Flint funne på flatt berg, men på andre sida av myrområdet, nesten 70m N for lok.4. 16m.o.h.

Markering:merkestikke.

Foto nr. 4.

Lok.6. Flint funne i erosjonssone ved foten av vestskråningen, ca 35m S for markert gang som går tvers over Snørhaug, 14m.o.h. Funnførande prøvestikk ca 3m opp i skråningen.

Markering:merkestikke.

- Lok.7. Flint funne i liten bekk i utkanten av flate, ca 80m SSA for markert gang tvers over Snørhaug. 13m.o.h.
Markering:samanlagt stein.
- Foto nr. 12. Lok.8. Flint funne i 2 rydningsrøyser V og N for overflatedyrka mark som ligg mellom 15 og 20m.o.h. NA for Snørhaug.
Ingen markering.
- Foto nr. 12. Lok.9. 2 funnførande prøvestikk A for N-S leg bergknaus i nordre kant av overflatedyrka mark. 1 prøvestikk 4m A for knausen og eitt 8m S for dette. Mesteparten av materialet funne i dyrkningslaget. 15m.o.h. Lok. ligg i Naustvika ca 175m NV for våningshuset på Tjernagel gnr. 50/7.
Markering: merkestikke i prøvestikk a)(4m A for knausen).
- Lok.10. Flint funne i overflata på markert bergknaus i nordvendt skråning S for flata mellom Tjernagel- og Snørhaug. 23m.o.h. 3 tomme prøvestikk innanfor 3m.
Markering:merkestikke.
- Foto nr. 8, 9. Lok.11. 3 overflatesamlingar med flint og 1 stk. rhyolitt funne på 3 avgrensa stader på nokså flatt, men oppstikkande bergknaus, rett S for lok.2. 13m.o.h. Oppsamling c) låg 6m S for a), og 2,7m SA for b).
Markering: merkestikke ved oppsamling c). Dei andre markert med samanlagt stein.
- Lok.12. Flint funne på flata ovanfor og 15m SSV for lok.1, 12m.o.h.
Markering: samanlagt stein.
- Lok.13. Flint funne i prøvestikk på den første

- avsetsen rett opp frå sjøen, 40m V for naustet i Hillersvika (Lokna 51/4). 6m.o.h. 5 negative prøvestikk på flata.
Markering: trestikke.
- Foto nr. 15. Lok.14. Flint og grønstein funne i prøvestikk på framstikkande haug 14 m S for våningshuset (Lokna 51/4). 9m.o.h.
Markering: ingen av lok. registrert på overflate dyrka mark tilhørande Lokna 51/4 er markerte.
- Foto nr. 13, 14. Lok.15. Flint, kvarts og grønstein funne i 2 prøvestikk i ei svak forsenkning på N-S gåande bergrygg, ca 50m NNA for løa (Lokna 51/4). 14m.o.h. Prøvestikk a) ligg midt i stigen, b) 6m mot A. Funna låg i underkant av torva og i den underliggande oransjebrune jorda.
Markering:merkestikke.
- Foto nr. 14. Lok.16. Flint funne i 2 prøvestikk på ein rygg ca 50m NNV for løa (Lokna 51/4), 13m.o.h.
Prøvestikk m.m.a. fragment av mikroflekkekjerne låg låg 4m SV for stikk med kun 1 stk flint.
Funntomt prøvestikk 10m S for førstnemnte.
Markering:trestikke.
- Foto nr. 14. Lok.17. Flint, kvarts og grønstein funne i 1 prøvestikk i ei forsenkning i S-vend bakkeskråning nesten 70m NA for løa (Lokna 51/4). 14m.o.h.
Markering:merkestikke.
- Foto nr. 16. Lok.18. Flint og kvarts funne i 1 prøvestikk på overflatedyrka mark 12m innanfor steingjerdet, omlag 70m ANA for løa (Lokna 51/4), 10mN for liten bekk. 12m.o.h.
- Foto nr. 16. Lok.19. Flint, kvarts og grønstein funne i kanten av bekken, 10m S for lok.18. 13m.o.h.

- Foto nr. 16. Lok.20. Flint og kvarts funne i 1 prøvestikk på overflatedyrka mark, ca 15m S for lok.17, 13m.o.h.
- Foto nr. 16. Lok.21. Flint og kvarts funne i 4 prøvestikk på overflatedyrka mark i nordvendt skråning 85-90m A for lòa (Lokna 51/4). 14-16m.o.h. Prøvestikka tekne innanfor eit ca 16m langt, 5m breitt N-S gåande belte.
- Foto nr. 16. Lok.22. Flint og kvarts funne i 1 prøvestikk på markert haug i skogen S for lok.21. 70m A for lòa (Lokna 51/4). 14m.o.h.
- Foto nr. 14. Lok.23. Flint og grønstein funne i prøvestikk på N-S gåande rygg 25m N for lòa (Lokna 51/4), 3m S for steingjerdet. Funna er gjort i dyrkning laget som her er 50cm tjukt. 14m.o.h.
- Foto nr. 15. Lok.24. Rhyolitt funne i 1 prøvestikk 6m A for NAhjørnet på lòa (Lokna 51/4). Flint funne i dråpefallet ved austveggen. 11-12m.o.h.
- Foto nr. 17. Lok.25. Øydelagt økseemne i grønstein funne i 1 prøvestikk mellom 2 låge ryggar ved foten av nordvendt skråning, 30m S for våningshuset (Lokna 51/4). 9m.o.h.
- Foto nr. 17. Lok. 26. Flint funne i prøvestikk mellom nordvendt skråning og låg haug framanfor, 38m ASA for våningshuset (Lokna 51/4). 1 tomtprøvestikk i nærleiken. 9m.o.h.
- Foto nr. 15. Lok.27. Flint, grønstein og rhyolitt funne i 1 prøvestikk 10m N for NVhjørnet på lòa (Lokna 51/4). Funne i dyrkningslaget som går 45cm nedpå berget. 13m.o.h.

- Foto nr. 18. Lok.28. Flint funne i 1 prøvestikk i dyrkningslaget 3m SA for møtet mellom steingjerdet og bratt bergknaus, 30m NV for løa (Lokna 51/4). 11m. o.h. 5 negative prøvestikk i nærleiken.
- Foto nr. 18. Lok.29. Flint, rhyolitt og grønstein funne i 2 prøvestikk med 12m mellomrom på ein N-S gåande avsats i ytterkanten av overflatedyrka mark. Ca 55m VSV for våningshuset (Lokna 51/4), 13m.o.h. Saman med funna i dyrkningslaget fanst også nyare tids steinty, noko som tyder på tilført jord frå tunområdet.
Markering:merkestikke i prøvestikk a).
- Foto nr. 19. Lok.30. Flint funne i erosjonssone ved delvis overgrodd NV-SA gåande svabergrygg med myr på på begge sider. Flinten funne ved den øvre delen av ryggen, eit par m nedanfor toppen av reset, 43m.o.h. 11 negative prøvestikk omkring.
Markering:samanlagt stein.
- Foto nr. 4. Lok.31. Flint funne i 1 prøvestikk 2m A for ca 2m høg bergknaus, 9m frå knausen sin markerte sørkant. 12 negative prøvestikk i området. Den N-S gåande bergknusen ligg midt på flata, 70m SSV for markert skar i Snørhaug, 13m.o.h.
Markering:merkestikke.
- Foto nr. 4. Lok.32. Flint funne i erosjonssone og i 2 prøvestikk ved foten av vestskråningen, 28m S for markert skar i Snørhaug, 14m.o.h. Erosjonssona 2m brei, totalt 8m lang er danna av rennande vatn. Prøvestikk a)teke i utkanten av erosjonssona, b)2m SA (opp i skråningen) gav flint nede i raudbrun jord under 15cm torv.
Markering: merkestikke ved prøvestikk a).
- Foto nr. 4. Lok.33. Flint funne i prøvestikk ved foten av vestskråningen midt i det markerte skaret tvers over Snørhaug. 14m.o.h. 2 negative prøvestikk omkring. Markering: merkestikke.

- Foto nr. 20. Lok.34. Flint funne i 3 prøvestikk på ei flate 6 X 15m mellom skjermende bergknauser i V,A og N i skråningen nedfrå Tjernagelhaugen, 100m NA for toppen, 16m.o.h. Prøvestikka) og b) 1,5 og 2,5m utfrå knausen i vest. I b) låg flinten 0,5m djupt i underkanten av torva. c) 1,6m S for a) gav diverse flintavslag 10cm ned i meir sandig jord under 0,5 m med torv. Markering:merkestikke ved a).
- Foto nr. 4. Lok.35. Flint funne i prøvestikk på turt, oppstikkande høgdedrag litt utpå flata nedanfor vestskråningen, ca 20m SV for markert skar tvers over Snørhaug. 15m.o.h. Markering:merkestikke.
- Foto nr. 21. Lok.36. Avbroten flatretusjert odd funnen i prøvestikk innerst i lita, avskjerma forsinking der 2 N-S gåande bergryggar munnar ut på flata, ca 20m SV for lok.31. 9m.o.h. Markering:merkestikke.
- Foto nr. 22, 23. Lok.37. 5 prøvestikk med flint og grønstein teke i 28m lang N-S leg sone nederst i vid vest og nordvendt forsinking i den djupare delen på flata mellom Tjernagel- og Snørhaug. Under 10-20cm torv låg eit lag med runda småstein og grus som gradvis gjekk over til grå sand. Berg 35-65cm under overflata. Flint og grønstein, til dels vassrulla, var funne både i grus- og sandlaget, funndjupna varierte mellom 16-50cm under overflata. Prøvestikk c) låg 19m N for e), prøvestikk d) 28m NNA for e), prøvestikk b) og a) låg 4m og 11m NA for e). Markering:merkestikke ved prøvestikk a).

Datering

Materialet frå lok.8,9 og 32 er det klart eldste i området. Det grove, makrolittiske preget over avslag og reiskaper samt flintdominans viser klart til Flintplass-tradisjon (Fosna kulturen). Lok.9 og 32 ligg in-situ ved foten av Snørhaug, lok.32 i sør og lok.9 i nord, begge 15m.o.h. Ei strandlinjedatering gjev ein alder mellom 10.000 og 9.500 år før notid. Ved strandlinjedatering nyttar eg med små justeringar Kaland sin revisjon av Fægri sitt strandforskyvningsdiagram for Sør-Bømlo (publ.m.a.i:Alsaker 1982:157).

Overflateoppsamlingar av same type materiale er kjent frå Sveio og Bømlo, men ingen buplassar har blitt fagleg undersøkt i den seinare tid. Lok.9 og 32 vil såleis gje ny verdifull informasjon. Det primære målet vil vere å få tak i fleire kronologiske haldepunkt i materialet tilhøyrande Flintplass-tradisjonen. Vi kjenner også uhyre lite til den teknologiske og kulturelle utviklinga. Eksisterte det f.eks. regionale forskjellar i den eldste tida i eldre steinalder? Det er mogeleg å få svar på slike og liknande spørsmål utfrå ei samanlikning av materialet frå dei pågåande undersøkingane på Toftøy, Øygarden.

Den største faglege interessa er knytt til lok.37 der tildels vassrulla flint og grønstein funne i strandgrus og underliggande finsand indikerer ein Tapes-transgredert buplass. Flinten er ikkje spesielt makroprega, noko som viser at det ikkje er transgredert Flintplass-materiale. Grønstein er på Bømlo observert på buplassar ca 9.500 år gamle (Alsaker 1982:169). Førebels antyder materialet og h.o.h. ein alder på ca 8.000 år. Men der er mogeleg at lokaliteten kan vere på same alder som botnlaget i Sokkamyro, Sør-Bømlo, utgravd av Shetelig og datert til regresjonsminimum ca 9.000 B.P. (Alsaker 1982:58-59). Den er til no einaste lokalitetet i dette distriktet med transgredert materiale.

Pga. Tapes transgresjonen har strandbundne lokalitetar mellom 9.500 og 7.000 år gamle blitt utvaska/overleira. I denne for oss i dag nesten funntomme mellomfasen skjedde det

viktige teknologiske endringar: skifte frå makrolittisk til mikrolittisk reiskapsproduksjon, andre råstoff blei tekne i bruk ved sida av flint. I dag manglar vi kronologiske oversikt over dette tidsrommet. Lok.37 vil difor bli ein nøkkelplass på Vestlandet. Den er ekstra undersøkingsverdig sidan den er urørt av nyare inngrep.

Det er eit mykje einsarta preg over materialet frå lokalitetane aust og sørvest for røysa på Tjernagelhaugen, der små flintavslag dominerer stort. 1 mikroflekk saman med avslagsmaterialet sitt mikrolittiske preg antyder ei sein-mesolittisk datering, dvs. ca 6.000-5.200 B.P. Funn av 1stk rhyolitt kan passe her då rhyolitt har blitt dokumentert i sein-mesolittiske kontekstar (Alsaker 1982:215-216).

På den andre sida ligg lok.11 i same nivå som lok.24 og 27 i Hillersvika, begge med same råstoffet. Då desse 2 lokalitetane ligg litt lågare enn dei med meir sikre sein-meso. element, så er det mogeleg at desse 3 lokalitetane med rhyolitt likevel skriv seg frå yngre steinalder, kanskje nærmare 4.500 B.P. Mangel på sikre kronologiske funn gjer det umogeleg å datere lokalitetane ved Tjernagelhaugen nærmare.

Det same gjeld lok.34 då kronologiske element også manglar her. Lokaliteten ligg 16m.o.h., men det er sannsynleg at topografiske forhold i større grad enn nærver til stranda bestemte plasseringa til denne utsette buplassen.

Hillersvika med 17 lokalitetar har den største konsentrasjon av registrerte lokalitetar. Berre på dei høgstliggande funnstadene, lok.15, 16 og 17, 13-14m.o.h. er det til no observert sein-mesolittiske element i form av mikroflekkekjernfragment og 1 mikroflekk, dei antyder ein alder på ca6.000 til 5.200.

Rhyolitt er til no berre observert in-situ her på lok.24 og 27, 11 og 13m.o.h. Frå lok.24 finst ein øydelagt kjerne som kan vere fragmentert sylindrisk kjerne.

Men førebels er det ikkje påvist meir sikre yngre steinalders element : rektangulære tverrøksar (vespestad- og vestlandsøksar), keramikk, sikre sylindriske kjernar samt stor bruk av rhyolitt.

Grønstein er observert på 7 lokalitetar, men haldepunkt for datering gjev berre lok.15 der det er funne 2 eggfragment av eldre steinalders slipte meislar.

Samla viser materialet at det må ha vore ei lengre tids busetting ved Hillersvik, frå mogeleg 6.000 til 4.500 B.P. Dei langt færre lokalitetane ved Tjernagelhaugen må plasserast i same tidsrom utan nærmare avgrensing. På begge stadene trengst det meir undersøkingar for å få full klarleik i kronologien.

Den flatreusjerte odden frå lok.36 viser til S.N./ eldre bronsealder, noko som gjer den til den yngste registrerte lokaliteten i området.

Erverv og naturmiljø

Dei fleste lokalitetane er lagt til stader med utsikt over fjorden og med høve til ly/vern i form av oppstikkande N-S gåande bergknausar og svaberg.

Eitt til få flintavslag funne ofte på framstikkande berg viser ikkje til bustader, men heller til sitje/utsiktsstader der det samstundes kan ha blitt utført eit arbeid.

Materiale frå Flintplass-tradisjonen er ikkje blitt påvist i slike mindre oppsamlingar ellers i området. Kan det tyde på avgrensa, eventuelt kortvarige opphald på staden i preboreal tid og at det omliggande området i liten grad blei nytta? Den påviste lok.9 ligg i ytterkanten av dyrka mark. Flinten funne i rydningsrøysene, lok.8, kan såleis stamme frå denne buplassen. Men rydningsrøysene ligg heilt i den vestlege ytterkanten av dyrka mark. Då det kunne vere mogeleg at flinten skreiv seg frå ein lokalitet nærmare nordaust-skråningen på Snørhaug, leita vi spesielt godt her, men med negativt resultat

Den transgrederte buplassen, lok.37 ligg avskjerma nede i ei vid forsenkning med markert, nokså steil bergrygg i vest. Plasseringa i den N-S gåande vika har hindre sjøen i å få tak og vaske ut massane slik som på dei utsette strendene.

Lok.37 har avslag av grønnstein, det same som til no berre er observert på 7 in-situ lokalitetar i Hillersvika. Hillersvika er den mest lune og avskjerma staden i undersøkingsområdet. S.Alsaker sine undersøkingar på Bømlo viser at grønnstein berre har hatt bruksverdi som råstoff til økser, og at verkstad-buplassane har lege i avskjerma, lune viker. Denne økseproduksjonen har blitt oppfatta som berre avgrensa til Bømlo (Alsaker 1982:45-48,66). Men grønnsteinsavslag på buplassar i 2 lune viker på Tjernagel tyder imidlertid på at det har lege verkstadbuplassar her. Det blir forsterka av funn av øydelagt emne til grønnsteinsøks, lok.25.

Grønnstein finst i nærmaste førekomst på Bømlo. Dette reiser sentrale spørsmål som vidare undersøkingar kan gje svar på: har det eksistert forskjell i tid og omfang av økseproduksjonen på Bømlo og inne på fastlandet?

Dei registrerte lokalitetane i Hillersvika ligg på turre, N-S gåande ryggar opp frå sjøen og på austsida av bukta som ved høgare havnivå har gått inn her. Den lune plasseringa samt rike og varierte materialet sannsynleggjer at det har vore meir permanente buplassar i Hillersvika. Her peikar dei høgstliggande , lok.15, 16 og 17 seg ut som mest interessante å få undersøkt.

Det er ein heilt annan karakter over dei samtidige lokalitetane nær Tjernagelhaugen. Her er førebels berre funne avslag, vesentleg i flint. Ved ca 10m høgare havnivå har dei fleste lokalitetane lege på austsida av eit smalt sund. Den utsette plasseringa, men med god utsikt over fjorden indikerer fangst-stasjonar noko som blir forsterka av det ein-sidede "reiskaps-settet". For ei undersøking kring erverv vil det vere aktuelt å legge vekt på lok.3, 34 og lok.2 og 11. Dei 2 sistnemnte utgjer truleg eit samla funnområdenærmare 20m langt.

Lok.11 har også 3 avslag av grov, lys grågrøn kvartsitt, same bergart finst i linser på ei blokk ved lok.3.

Ei hypotese om basisbuplass ved Hillersvika og fangst-stasjon nær Tjernagelhaugen vil vere mogeleg å teste. Ei slik undersøking vil gje viktige opplysningar då ei eventuell ervervsmessig spesialisering mellom lokalitetar frå slutten av eldre

steinalder og byrjinga av yngre steinalder ikkje er påvist på vestnorsk materiale.

Nærmare undersøkingar bør også gjerast ved lok.36 om det her ligg ei tuft, noko den skjerma plasseringa kan antyde. Tufter frå S.N./ eldre bronsealder kjenner vi svært få av.

Litteratur:


Alsaker, S.1982: BØMLO steinalderens råstoffsentrum på sørvestlandet. Bergen.

Vedlegg:

- Funnkart M 1:5000
- Funnliste (skjema)
- Foto (kopiert frå dias).

Bergen 23.5.1983

Berit Gjerland
Berit Gjerland



1 37 ● ● Registrerte steinalder-lokaliteter på Tjernagel, Sveio kommune.